

BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGENDato: 19.10.2016
Vår ref.: 2014/13625-13
Saksbehandlar: oysskar
Dykkar ref.:201007323/324 KADA

Angående søknad til Riksantikvaren om dispensasjon frå kulturminnelova for områdeplan Arna – gnr. 302, bnr. 1, 12, 15 mfl. - Vårheia , Arnaheia boligområde - Bergen kommune

I høve søknad til Riksantikvaren om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne for Askeladden ID 175024 gjer vi merksam på at kulturminnemynde nyttar den lovfesta tidsfristen på tre pluss ein måned etter at planen er lagt ut til offentleg ettersyn jf. kulturminnelova § 9. Det vil seie at vår lovfesta frist for fråsegn i høve kulturminne er 3. desember 2016. Dette gjer Riksantikvaren og Universitetsmuseet tilstrekkeleg tid for handsaming slik at Riksantikvaren kan fatte eit vedtak i saka. Hordaland fylkeskommune melder frå når vedtak frå Riksantikvaren føreligg. Planen kan ikkje eigengodkjennast før vedtaket er innarbeidd i planføresegna.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Øystein Skår
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.